

Protokollar

2002

Styre og

Rep. skap for

VØR



MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR onsdag 15/05-03 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 15.00

Møtet slutta kl. 17.00

Desse møtte:

Knut Steinsvik

Arild Iversen

Inger J. Åkre

Ola Selbervik

Brynjulf Skurtveit

Nils Trovåg

Ingrun Aud Humberstet og Oddrun Aarflot melde fråfall. Det vart ikkje kalla inn vara Styreleiar Kari Aamaas møtte på vegne av styret. Petter Bjørdal møtte på vegne av administrasjonen

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste. Brynjulf Skurtveit og Arild Iversen vart vald til å skrive under møteboka.

REP.SAK 01-03. GODKJENNING AV ÅRSMELDING 2002. VEDTAK (8 RØYSTEFØRE)

Representantskapen godkjenner den framlagde årsmelding for 2002 slik det ligg føre.
Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga

REP.SAK 02-03. GODKJENNING AV REKNESKAP FOR 2002. VEDTAK (8 RØYSTEFØRE)

1. Representantskapen godkjenner den framlagde rekneskapen slik den ligg føre.
2. Representantskapen vedtek å sette av kr 624.572,- av overskotet til inndekking av tidligare års underskot. Kr 324.122,- vert avsett til fri eigenkapital.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

REP.SAK 03-03. REVIDERT BUDSJETT 2003. VEDTAK (8 RØYSTEFØRE)

Representantskapen godkjenner det framlagde reviderte budsjettet dagsett 04.03.03 slik det ligg føre.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

REP.SAK 04-03. ORIENTERINGSSAK- DRIFT AV VØR.

Dagleg leiar orienterte om VØR sin drift.

Rett utskrift 15.05.03

Knut Steinsvik



Petter Bjørdal referent



Brynjulf Skurtveit



Arild Iversen



MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR mandag 21.10.02 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 15.00

Møtet slutta kl. 17.20

Desse møtte:

Knut Steinsvik

Øyvind Bjordal

Arild Iversen

Inger J. Åkre

Ola Selbervik

Brynjulf Skurtveit

Nils Trovåg

Ingrun Aud Humberstet og Oddrun Aarflot melde fråfall, Turid Krumsvik vart kalla inn for Ingrun Humberstet, men kunne ikkje møte. Øyvind Bjordal møtte for Oddrun Aarflot.

Styreleiar Kari Aamaas møtte på vegne av styret

Petter Bjordal møtte på vegne av administrasjonen

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Arild Iversen og Ola Selbervik vart vald til å skrive under møteboka.

REP.SAK 04-02. ØKONOMIPLAN 2003 - 2007. VEDTAK (7 RØYSTEFØRE)

Representantskapen vedtek slik økonomiplan for VØR for perioden 2003 – 2007.

1. Avfallsplanen for kommunene for perioden 2000 – 2003 vert å legge til grunn også for perioden 2003 – 2007.
2. Representantskapen prioriterer å gjennomføre slike tiltak i perioden:

| <i>Tiltak</i> | <i>Effekt på gebyret første år</i> | <i>Effekt på gebyret andre år</i> |
|--|--|---------------------------------------|
| a) Innføring av dunk til papiret i 2003 | Kr 100,- | 0,- |
| b) Opparbeiding av uteområdet i Hovdebygda i 2003 og 2004 | Kr 10,- | Kr 30,- |
| c) Etablering av faste grovavfallsmottak i bygdesentera i 2004-7 | Kr 35,- pr anlegg | Kr 35,- pr anlegg |
| d) Bygging av lagerhall i Hovdebygda i 2004 | Kr 100,- | Kr 100,- |
| e) Etablering av slambehandlingsanlegg i 2004 | Gjeld slamgebyret Kr 100,- | Kr 100,- |
| f) Utskifting komprimatorstasjon - 2004 | Kr 30,- | Kr 30,- |

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga

**REP.SAK 05-02. BUDSJETT 2003
VEDTAK (7 RØYSTEFØRE)**

Representantskapen vedtek i medhald av lov av 13 mars 1988, nr 6 om vern mot forureining og avfall, å tilrå Volda og Ørsta kommunestyre å vedta slike satsar for avfallsgebyr for 2003. Alle summer ekskl. MVA

1.1 Hushaldningsgebyr pr abonnent:

- | | |
|--|-----------|
| a) Småhushald. Henting annakvar veke 140 L | kr 1950,- |
| b) Standardhushald Henting kvar veke 140 L | kr 2340,- |
| c) Storhushald. Henting kvar veke 240 L | kr 4260,- |
| d) Standardhushald med kompostering Henting annakvar veke 140 L | kr 1760,- |
| e) Storhushald med kompostering Henting annakvar veke 240 L | kr 3520,- |
| f) Samarbeid inntil 2 abonnentar, 140L henting annakvar veke; pr abonnent | kr 1870,- |
| g) Samarbeid inntil 2 abonnentar, 140L, henting kvar veke; pr abonnent | kr 2090,- |
| h) Samarbeid 240L eller større, henting kvar veke inntil 140L; pr abonnent | kr 2200,- |

1.2 Gebyr for næringer:

- | | |
|------------------------|------------|
| a) Årsgebyr | kr 2340,- |
| b) Årsgebyr 240 l dunk | kr 4680,- |
| c) Årsgebyr 340 l dunk | kr 7020,- |
| d) Årsgebyr 660 l dunk | kr 11700,- |

1.3 SLAM

- | | HEILÅRSBUSTAD. | FRITIDSBUSTAD |
|---|----------------|---------------|
| a) Gebyr pr tank inntil 4,5 m3 | kr 720,- | kr 360,- |
| b) Gebyr for to husvære m. tank inntil 7 m3 | kr 1140,- | kr 570,- |
| c) Gebyr for 3 husstandar m. tank inntil 10 m3 | kr 1700,- | kr 850,- |
| d) Gebyr for årleg tøming av tank inntil 4,5 m3 | | kr 1440,- |
| e) Gebyr pr m3 over 4,5 m3 | | kr 360,- |

Slammet skal tømast annakvart år for heilårsbustad og kvart fjerde år for fritidsbustad.

1.4. Pris pr kolli sekk:

kr 49,-

2. Representantskapen godkjenner ei låneramme stor kr 6.000.000 til investeringar i år 2003.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

REP.SAK 06-02. ORIENTERINGSSAK- DRIFT AV VØR.


Dagleg leiar orienterte om VØR sin drift.

Rett utskrift 21.10.02


Knut Steinsvik


Arild Iversen


Ola Selbervik


Petter Bjørdal
referent

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR
Møtedato 27.01.03
Møtet tok til 15.00
Møtet slutta 18.30

Desse møtte:
Kari Aamaas
Ove Lid
Ivar Aarskog
Ann Britt Våge Fannemel
Ove Myklebust
Knut Steinsvik (leiar i representantskapen.)

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka.
Kari Aamaas leia møtet. Det var ikkje merknader til innkallinga.
Sakliste vart godkjent med tillegg av sak 10-03 Solveig Aurdal - Klage på vedtak om avgift.
Rekneskapsførar Nils Velle og Gunn Velle frå VØR møtte i sak 04-03, som vart tatt som første sak i møtet.

SAKLISTE:

SAK 04-03. REKNESKAPEN FOR 2002

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Styret godkjenner den førebelse rekneskapen slik den ligg føre, og ber om at den vert sendt til revisjon.

Handsaminga.

Nils Velle frå Voldaregneskap og Gunn Velle frå VØR deltok under handsaminga og svarte på spørsmål. Vedteke samrøystes i tråd med tilrådinga.

SAK NR 01-03: REFERATSAKER

Følgjande saker vart referert:

- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon – brev
- Avskriving av krav – øresavrunding
- Møte Biobrensel
- Søknad om sponsormidlar – VTI
- Opparbeiding av uteområde
- Innkalling til årsmøte i Avfallsforum Møre og Romsdal
- Avfallskonferansen 2003 i Trondheim
- Avisutklipp frå Sunnmørsposten –revisjon frå Fylkesmannen

Sak 02-03 HENTING PÅ LANGE AVSTANDAR – HENTEAVTALAR.

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Styret fastset slik gebyrsats for 2003 for henting på lange avstandar

- a) Kr 379,- pluss mva for henting kvar veke
- b) Kr 230,- pluss mva for henting annakvar veke.

Handsaminga.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga

SAK 03-03. ÅRSMELDING 2002.

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Tilråding til vedtak.

Styret godkjenner den framlagde årsmelding slik den ligg føre. Styret ber om at den blir lagt fram for representantskapen til endeleg godkjenning.

Handsaminga.

Samrøystes i tråd med tilrådinga.

SAK 05-03. FORVALTNINGSPRAKSIS –AVGIFT FOR FRITIDSBUSTAD

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

1. Styret vedtek med visning til renovasjonsforskriftene § 11 at fritidshus og hytter i områder med fast busetnad og renovasjon heretter blir registrerte fast med 60 % fritak for avgift, rekna ut frå småhushaldsabonnement. Disse abonnentane treng såleis ikkje søkje årleg om fritak for avgift.
2. Administrasjonen får fullmakt til å sette dette i verk frå og med 2003.
3. Abonnentar med fritidshusabonnement får utlevert 10 sekkar ved frammøte på VØR eller når dei ber om at disse vert tilsendt.
4. Regelendringa vert å bygge inn i forskriftene når disse blir reviderte i 2003

Handsaminga.

Samrøystes i tråd med tilrådinga.

SAK 06-03. ORGANISASJONSPLAN FOR VØR. Unnateke off. § 5A

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Styret vedtek å redusere bemanninga i VØR med virkning seinast frå 01.07.03 i tråd med vedteke budsjett. Administrasjonen vert beden om å sette i verk vedtaket.

Handsaminga.

Vedteke mot ei røyst (Ove Myklebust)

SAK NR 07-03 GODKJENNING AV PROTOKOLLAR. Unnateke off. § 6 a.

VEDTAK (4 RØYSTEFØRE I PUNKT 1) (5 RØYSTEFØRE I PUNKT 2-4)

- 1 Styret godkjenner protokoll dagsett 21.01.03 med NKF slik den ligg føre.
- 2 Styret godkjenner protokoll dagsett 21.01.03 med KFO slik den ligg føre.
- 3 Styret godkjenner Einsidig protokoll dagsett 21.01.03 med Gunn Homberset slik den ligg føre.

- 4 Styret godkjenner protokoll med dagleg leiar dagsett 12.12.02 punkt 1 slik den ligg føre. Punkt.2 Punktet vert å ta opp att ved eit seinare høve.

Handsaminga.

Ove Myklebust var kjend inhabil i punkt 1 og gjekk ifrå under handsaminga.

Petter Bjørdal var kjend innhabil i punkt 4 og gjekk ifrå under handsaminga.

Punkt 1 vart godkjent samrøystes. (4 røysteføre)

Punkt 2 og 3 vart godkjent samrøystes (5 røysteføre)

Punkt 4 (Protokoll med dagleg leiar) Punkt 1.1 vart samrøystes godkjent (Samrøystes 5 røysteføre)

SAK 08-03. PRIS PÅ GROVAVFALL 2003

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

1. Styret gjer om inkje vedtak i sak 13-02 punkt 3.b.
2. Styret fastset prisen på grovavfall til kr 1190,- pr tonn for 2003.

Handsaminga.

Samrøystes i tråd med tilrådinga.

SAK 09-03. KJØP AV RENOVASJONSBILAR

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Styret vedtek å akseptere tilbodet til Norske Scandia dagsett 13.01.03 ved kjøp av bilar.

Handsaminga.

Samrøystes i tråd med tilrådinga.

SAK: 10-03 SOLVEIG AURDAL – KLAGE PÅ VEDTAK

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Styret for VØR viser til klage på vedtak av 18.09.02 og finn ikkje kome klage på vedtak i møte i samsvar med gjeldande renovasjonsforskrifter §§ 10 og 11.

I samsvar med fvl. §§ 28 og 29, kan vedtaket påklagast til formannskapet i Volda, og skal stilast til styret i VØR for klagehandsaming før oversending til kommunen.

Handsaminga.

Samrøystes i tråd med tilrådinga.

Rett utskrift 27.01.03

Kari Aamaas
Kari Aamaas

Ivar Aarskog
Ivar Aarskog

Petter Bjørdal referent
Petter Bjørdal referent

Ove Myklebust
Ove Myklebust
Ove lid

Ann Britt Vaage Fannemel
Ann Britt Vaage Fannemel

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på SAS Radisson Hotell

Møtedato 07.12.02

Møtet tok til 15.30

Møtet slutta 16.00

Desse møtte:

Kari Aamaas

Ivar Aarskog

Ann Britt Våge Fannemel

Ove Myklebust

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka. Kari Aamaas leia møtet. Det var ikkje merknader til innkallinga. Ove Lid og Knut Steinsvik (leiar i representantskapen.) melde avbod til møtet. Sakliste vart deretter godkjent. Ivar Aarskog deltok på møtet pr telefon.

SAKLISTE:

SAK NR 19-02: PERSONALHANDBOK VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)

1. Styret godkjenner Etske retningslinjer for folkevalde og tilsette og Reglar for påskjøning - VØR slik dei ligg føre.
2. Styret godkjenner framforhandla personalhandbok slik som den ligg føre. Denne inneheld kapittela:
Arbeidsreglement
Arbeidstid og avspasering for tilsette i VØR
Permisjonsreglement for VØR

Handsaminga

Ove Myklebust om å få sin habilitet vurdert. Leiar gjorde framlegg om at han var habil.

VEDTAK (3 RØYSTEFØRE)

Ove Myklebust er habil.

Saka vart deretter samrøystes vedteken

Rett utskrift 07.12.02


Kari Aamaas


Ove Myklebust


Ann Britt Vaage Fannemel


Ivar Aarskog

Petter Bjørdal
referent



PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR
Møtedato 23.10.02
Møtet tok til 16.00
Møtet slutta 18.10

Desse møtte:
Kari Aamaas
Ove Lid
Ivar Aarskog
Ann Britt Våge Fannemel
Ove Myklebust

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka. Kari Aamaas leia møtet. Det var ikkje merknader til innkallinga. Knut Steinsvik (leiar i representantskapen.) melde avbod til møtet. Sakliste vart deretter godkjent med tillegg av to saker. 17-02 Julebord og sak 18-02 Farge papirdunk.
Ivar Aarskog gjekk etter handsaming av sak 15-02. (18.00)

SAKLISTE:

SAK NR 16-02: GODKJENNING AV STILLINGSINNSTRUKSAR. VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Styret godkjenner stillingsinnstruksar for konsulent / nestleiar, arbeidsleiar slam - vekt – innsamling, arbeidsleiar sorteringshall, fagarbeidar, spesialarbeidar og arbeidar datert 23.10.02.

Handsaminga

Innstruksane vart nøye gjennomgått og endra på enkelte punkt. Deretter vart dei samrøystes vedtekne. Korrigerte innstruksar vart utleverte på møtet.

SAK 15-02. GODKJENNING AV PROTOKOLLAR UNNATEKE OFF § 6a. VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)

Tilråding til vedtak.

1. Styret godkjenner framforhandla forhandlingsprotokoll – etter HTA 4.3.1. med Norsk Kommuneforbund dagsett 10.10.02 og 14.10.02
2. Styret godkjenner framforhandla forhandlingsprotokoll – etter HTA 4.3.1. med KFO dagsett 11.10.02 og 15.10.02
3. Styret godkjenner einssidig protokoll etter HTA 4.3.1. med Gunn Homberset dagsett 10.10.02

Handsaminga.

Dei tilsette sin representant gjekk ifrå ved handsaminga av denne saka. Ann Britt Våge Fannemel orienterte frå forhandlingane. Deretter vart saka samrøystes vedteken.

**SAK NR 17-02: JULEBORD
VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)**

Styret vedtek å arrangere personalseminar på Raddison SAS i Ålesund 7 og 8 desember. Administrasjonen lagar til program.

Handsaminga
Vedteken etter fellesforslag

**SAK NR 18-02: FARGE PÅ PAPIRDUNKEN
VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)**

Styret vedtek at papirdunken skal vere heilfarga blå.



Handsaminga
Vedteken etter fellesforslag.

Rett utskrift 23.10.02


Kari Aamaas


Ivar Aarskog


Petter Bjørdal
referent


Ove Myklebust

Ove lid


Ann Britt Vaage Fannemel

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR
Møtedato 07.10.02
Møtet tok til 15.00
Møtet slutta 20.00

Desse møtte:
Kari Aamaas
Ove Lid
Ivar Aarskog
Ann Britt Våge Fannemel
Ove Myklebust
Knut Steinsvik (leiar i representantskapen.)

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka.
Kari Aamaas leia møtet. Det var ikkje merknader til innkallinga.
Styreleiar trekte sak 15-02. Sakliste vart deretter godkjent.
Ivar Aarskog og Ann Britt Våge Fannemel gjekk etter handsaming av sak 12-02.
Styret var på synfaring for å sjå på ny einarma komprimatorbil.

SAKLISTE:

SAK NR 10-02: REFERATSAKER

Følgjande saker vart referert og tatt til vitande:

- Kjell Nes – brev og svarbrev
- Slamtøming hos stiftinga Helgaton
- Rutiner for tømning av tette septiktankar – brev Ørsta Kommune
- Slamtøming tette tankar – svarbrev til Ørsta Kommune
- Per Inge Vartdal – brev
- Inforskriv frå VØR – svar frå ukjent abonnent
- Brev Jorun Eide Ording
- Søknad Ørsta Røde Kors

Administrasjonen vart bedt ta kontakt med Teknisk sektor i Ørsta Kommune vedkomande brevet frå Jorun Eide Ording.
VØR kjøper annonse med Ørsta Røde Kors til kr 1000,-

SAK NR 11-02 REKNESKAPEN FOR 2002 PR 31.08.02 – MELDING TIL STYRET.

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Styret tok meldinga til vitande

Handsaminga.
Styret drøfta saka nøye.

SAK 12-02. ØKONOMIPLAN 2003-2007.

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Styret rår representantskapen til å gjere slikt vedtak vedkomande økonomiplan for VØR for perioden 2003 – 2007.

1. Avfallsplanen for kommunene for perioden 2000 – 2003 vert å legge til grunn også for perioden 2003 – 2007.
2. Representantskapen prioriterer å gjennomføre slike tiltak i perioden:

| <i>Tiltak</i> | <i>Effekt på gebyret første år</i> | <i>Effekt på gebyret andre år</i> |
|--|--|---------------------------------------|
| a) Innføring av dunk til papiret i 2003 | Kr 100,- | 0,- |
| b) Opparbeiding av uteområdet i Hovdebygda i 2003 og 2004 | Kr 10,- | Kr 30,- |
| c) Etablering av faste grovavfallsmottak i bygdesentera i 2004-7 | Kr 35,- pr anlegg | Kr 35,- pr anlegg |
| d) Bygging av lagerhall i Hovdebygda i 2004 | Kr 100,- | Kr 100,- |
| e) Etablering av slambehandlingsanlegg i 2004 | Gjeld slamgebyret Kr 100,- | Kr 100,- |
| f) Utskifting komprimatorstasjon - 2004 | Kr 30,- | Kr 30,- |

Handsaminga.

Samrøystes vedteke. Styret var på synfaring på området under behandlinga av saka.

Styret endra punkt d) bygging av lagerhall frå 2006 til 2004. Styret sette inn eit nytt punkt f) etter forslag frå Ove Myklebust. Ny økonomiplan vert å legge fram i 2003.

SAK 13 - 02. BUDSJETT 2003.

VEDTAK (3 RØYSTEFØRE)

1. Styret vedtek i medhald av lov av 13 mars 1988, nr 6 om vern mot forureining og avfall, å tilrå representantskapen å vedta slike satsar for avfallsgebyr for 2003.

Alle summar ekskl. MVA

1.1 Hushaldningsgebyr pr abonnent:

- | | |
|--|-----------|
| a) Småhushald. Henting annakvar veke 140 L | kr 1950,- |
| b) Standardhushald Henting kvar veke 140 L | kr 2340,- |
| c) Storhushald. Henting kvar veke 240 L | kr 4260,- |
| d) Standardhushald med kompostering Henting annakvar veke 140 L | kr 1760,- |
| e) Storhushald med kompostering Henting annakvar veke 240 L | kr 3520,- |
| f) Samarbeid inntil 2 abonnentar, 140L henting annakvar veke; pr abonnent | kr 1870,- |
| g) Samarbeid inntil 2 abonnentar, 140L, henting kvar veke; pr abonnent | kr 2090,- |
| h) Samarbeid 240L eller større, henting kvar veke inntil 140L; pr abonnent | kr 2200,- |

1.2 Gebyr for næringar:

- | | |
|------------------------|------------|
| a) Årsgebyr | kr 2340,- |
| b) Årsgebyr 240 l dunk | kr 4680,- |
| c) Årsgebyr 340 l dunk | kr 7020,- |
| d) Årsgebyr 660 l dunk | kr 11700,- |

1.3 SLAM

| | HEILÅRSBUSTAD. | FRITIDSBUSTAD |
|---|----------------|---------------|
| a) Gebyr pr tank inntil 4,5 m3 | kr 720,- | kr 360,- |
| b) Gebyr for to husvære m. tank intil 7 m3 | kr 1140,- | kr 570,- |
| c) Gebyr for 3 husstandar m. tank intil 10 m3 | kr 1700,- | kr 850,- |
| d) Gebyr for årleg tømning av tank intil 4,5 m3 | | kr 1440,- |
| e) Gebyr pr m3 over 4,5 m3 | | kr 360,- |

Slammet skal tømast annakvart år for heilårsbustad og kvart fjerde år for fritidsbustad.

1.4. Pris pr kolli sekk: kr 49,-

2. Styret rår representantskapen til å godkjenne ei låneramme stor kr 6.000.000 til investeringar og driftsmidlar i år 2003.

3. Styret vedtek slike satsar for 2003 for grovavfall / næringsavfall levert på VØR. Alle prisar pr tonn

| | |
|---|-----------|
| a) Blanda avfall | kr 1440,- |
| b) Grovavfall | kr 1150,- |
| c) Papp til sortering | kr 350,- |
| d) Metall | kr 350,- |
| e) Hestegjødsele pr kbm | kr 117,- |
| f) E.E. avfall frå næringar (unntatt Renasvarer og kuldemøblar) | kr 180,- |
| g) Reint trevirke | kr 900,- |
| h) Sorteringsgebyr | kr 700,- |
| i) Slam frå kommunalt anlegg | kr 1440,- |

Handsaming

Samrøystes i tråd med tilrådinga

SAK 14-02. TILSETTINGAR I LEDIGE STILLINGAR

Unntaks off. § 6a.

VEDTAK (3 RØYSTEFØRE)

Styret tilset Ivar Arne Lid i stilling som spesialarbeidar stillingskode 6912. Lønskode 220. med virkning frå 01.10.02

Handsaminga

Administrasjonen trekte tilrådinga i punkt 1. Dagleg leiar fekk fullmakt til å tilsette Ivar Aaslid.

Samrøystes vedteke.

Rett utskrift 07.10.02

Kari Aamaas

Kari Aamaas

Ivar Aarskog

Ivar Aarskog

Petter Bjørdal

Petter Bjørdal
referent

Ove Myklebust

Ove Myklebust

Ove lid

Ove lid

Ann Britt Vaage Fannemel

Ann Britt Vaage Fannemel

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Heldt møte på VØR
Møtedato 03.06.02
Møtet tok til 15.00
Møtet slutta 20.45

Desse møtte:
Kari Aamaas
Ove Lid
Ivar Aarskog
Ann Britt Våge Fannemel
Ove Myklebust
Knut Steinsvik (leiar i representantskapen.)

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka.
Kari Aamaas leia møtet. Det var ikkje merknader til innkallinga.
Sakliste vart godkjent med tillegg av sak 09-02 Godkjenning av avtale med REKOM, som administrasjonen la fram på møtet, og sak 10-02. Veg i Åmelfoten, som styret sette opp som eiga sak. Administrasjonen la også fram to nye referatsaker, Oppseiing Alex Heltne og informasjon til abonnentane.
Styret vedtok å handsame sak 06-01 sist i møtet.
Ove Lid og Ann Britt Våge Fannemel kom under handsaminga av sak 05-01. Knut Steinsvik fekk permisjon og gjekk under handsaming av sak 06-01.
Ove Myklebust fekk permisjon under handsaming av sak 06-01.

SAKLISTE:

SAK NR 05-01 REFERATSAKER

Følgjande saker vart referert:

- NRF kampanje mot farleg avfall
- Rekneskapen pr 30.04.02 – melding til styret
- Brev til Olav Hunnes om renovasjonsavgift
- Kjøp av sidelastarbil
- Per K. Mork – om renovasjonsavgift
- Brev til Nils Petter Ullaland
- Brev til Kjell Nes
- Infoskriv til abonnentane
- Oppseiing Alex Heltne

SAK NR 07-02 ØKONOMIPLAN 2003 - 2007.

Saka gav ikkje høve til vedtak

Handsaminga.

Styret drøfta saka nøye. Administrasjonen vert bedt om å innarbeide følgjande tiltak i ein økonomiplan som vert lagt fram for styre og representantskap på seinare møte.

- * Innføring av dunk til papiret.
- * Opparbeiding av uteområdet på VØR
- * Grovavfallsmottak på Vartdal og Sæbø
- * Lagerhall VØR
- * Løysing for slamhandsaminga

SAK NR 08-02 REKNESKAPEN FOR 2001

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

1. Styret rår representantskapen til å godkjenne den framlagde rekneskapen slik den ligg føre.
2. Styret vedtek å sette av overskotet til inndekking av tidligare års underskot. Styret ber representantskapen å gjer likelydande vedtak

Handsaminga.
Samrøystes i tråd med tilrådinga.

SAK NR 09-02. GODKJENNING AV AVTALE MED REKOM

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Styret godkjenner den framforhandla avtalen med REKOM dagsett 3/6-2002 slik som han ligg føre.

Handsaminga.
Samrøystes i tråd med tilrådinga.

SAK NR 10-02: VEG I ÅMELFOTEN

VEDTAK (5 RØYSTEFØRE)

Styret har vurdert veg i Åmelfoten forbi Kåre Aamelfot på bakgrunn av muntleg klage frå Kåre Aamelfot, og synfaring.

Styret kan ikkje sjå at VØR kan køyre denne vegen med fylgjande grunngjeving:

- a) VØR sine bilar krev 8 t akseltrykk for at vegen skal køyrast lovleg. VØR kan ikkje sjå at denne vegen held slikt akseltrykk
- b) Vegen har ikkje grøft langs oppsida av vegen. Dette medfører overflatevatn og is inn i vegbana vinterstid som i kombinasjon med manglande strøing gjer vegen uforsvarleg å køyre.
- c) Veibane skal halde 3 meter breidde, noko denne vegen ikkje har.

Dersom Volda Kommune oppgraderer vegen til godkjend standard, vert vedtaket å vurdere på nytt.

Handsaminga.
Fellesframlegg frå styret.

**SAK NR 06-02: KOMPETANSELØN
VEDTAK (4 RØYSTEFØRE)**


1. Styret godkjenner det framlagde forslaget til kompetanseløn slik den ligg føre, og vedtek at det skal vere forhandlingsutvalet sitt tilbod til dei VØR tilsette. Styret ber om at det endeleg framforhandla resultatet vert lagt fram for styret til endeleg godkjenning.
2. Styret godkjenner det framlagde forslaget til personalhandbok med endringar slik den ligg føre, og vedtek at det skal vere forhandlingsutvalet sitt tilbod til dei VØR tilsette. Styret ber om at det endeleg framforhandla resultatet vert lagt fram for styret til endeleg godkjenning.
3. Styret vel følgjande personar som medlemar i VØR sitt forhandlingsutval:
Leiar i forhandlingsutvalet: Ann Britt Vaage Fannemel
Medlem i forhandlingsutvalet: Kari Aamaas

Handsaminga.


Punkt 1 Samrøystes i tråd med tilrådinga. Punkt 2 vert vedtaket endra til ” med endringar” etter fellesforslag.


Punkt 3 vart valt etter forslag frå Ove Lid.

Rett utskrift 03.06.02


Kari Aamaas


Ove Myklebust


Ann Britt Vaage Fannemel


Ivar Aarskog


Ove lid


Petter Bjørdal
referent